# Kirkehilsen

Meldingsblad for Tolga, Vingelen, Hodalen og Holøydalen sogn

Nr 2 Tolga 2011 61. årgang




**Årets konfirmanter i Tolga:** Foran f. v.: Anne Øyan, Astrid Sugaren, Hilde Brennmoen Tollan, Eli Aashaug, Synne Dalen Jordet. I midten f. v.: Esten Jortveit Trøan, Ida Sundberg Ingebrigtsen, Sara Marie Nordskog, Simen Simensen (prest), Henrik Anthun Reime, Brage Holte. Bak f. v.: Martin Wilson, Oddvar Sagbakken Saanum, Mikal Torsheim Selmer, Andreas Sandberg, Peder Gjelten Lunheim.

# Grete Waitz og Sara Oust

**I sommer skal det være skuespill om Sara Oust i Vingelen. Hun levde for to hundre år siden. Men at hun fremdeles er akutell, det viste tidligere forlagsredaktør m. m. Andreas Skartveit i denne artikkelen, der han sammenlikner henne med nylig avdøde Grete Waitz. Artikkelen stod på trykk i Vårt Land lørdag 7. mai.**

Av Andreas Skartveit.



Kven og kva er det som styrer og driv historia? Kva krefter er det som har ført oss dit vi er i dag, akkurat no?
Dette er av dei store spørsmåla i historia. Historia stiller spørsmålet sjølv, og ho har mange og sprikande svar. Og når det finst fleire svar på same spørsmålet, må vi sjølv velje eit svar og innrette oss etter det. Dette valet kjem vi ikkje unna.
Eingong meinte dei fleste på våre kantar at det var Gud som styrte historia. Etter kvart, med sekularisering og framvoksteren av det europeiske individet, er han komen meir i bakgrunnen. Er det dei store karane: Aleksander den store, Julius Cæsar. Napoleon, Bismarck, Einar Gerhardsen, som skaper historia? Eller er det teknologien: Plogen, vasshjulet, dampmaskinen? Eller er det våpna: pil og boge, krutet, ryttarherane, tanksen, fly og bomber? Eller er det kapitaloppsamling og klassekamp?
Vi veit ikkje, og får heller aldri vite. Det finst område i livet, mange og sentrale, der eintydige og endelege svar ikkje finst. På desse områda kan vi då meine kva som helst, det som høver for dagen. Det blir då også gjort. Mykje offentleg debatt lever her.




I dag har eg då tenkt å tolke historia, og å utnemne nokre heltar som har sett djupe spor etter deg. Dei er alle kvinner, heltinner for å vere språknøye .
I dei fleste kulturar vi kjenner, ser det ut til at mannen har vore den dominerande, kanskje fordi han var den fysisk sterkaste. Alle maskinane som kom ved den industrielle revolusjonen, over alt, gjorde

fysisk kraft mindre viktig. I tillegg kom europeisk kultur siste hundreåra til å leggje større og større vekt på menneskerettar, det at alle menneske hadde likt verd.
Og kvinnene såg og høyrde kva som skjedde. Dei såg at vegbommane vart borte. Og dei byrja si vandring framover og inn i den synlege historia.
Nyleg døydde Grete Waitz. Ho er kanskje den største idrettsutøvaren dette landet har fostra. Dei fleste, og største, norske idrettsheltane driv med idrettar vi nordmenn og tre fire andre land er åleine om. Grete Waitz dreiv ein idrett som er spreidd over heile verda. Resultata hennar står seg framleis, etter fleire tiår. Ho slo løparmaskinane austfrå, som ikkje åt berre knekkebrød til frukost. Dette var stort.
Men det var ikkje det største, det som blir ståande. Rekordane hennar vil bli slått. Men ho knebla, for all tid, ein debatt vi alle har høyrt siste tiåra, debatten om kreftene i kvinnekroppen. Kvinner var så veike at dei ikkje kunne gå langt på ski, springe maraton, hoppe i Holmenkollen, og meir til. Denne debatten er død, og denne slanke, elegante kvinna, som dansa gjennom New York Maraton ni gonger, sto for jordpåkastinga ved gravferda.
Og kvinnene forsto dette og kom. Der eg bur er det vanskeleg å ta seg fram når Grete Waitz-løpet går.
Grete Waitz sette løpeskoen sin ned i historia.
Radikalismen hos Hans Nielsen Hauge går utanpå alt vi har sett her i landet siste hundreåret. Han meinte at kvinner kunne stå fremst i kristne forsamlingar. Ei av desse kvinne var Sara Ingebretsdatter Oust i Vingelen øvst i Østerdalen. Då den haugianske vekkinga kom til Vingelen i 1799, tok ho til å syngje og tale i møta. Var det rett? Menn vart urolege, og seks av dei oppsøkte Hauge for å få ei klargjering. Har ho nok kristen kunnskap og røynsle, spurde Hauge. Og er ho dyktig i sitt jordiske kall? Mennene svara ja på begge spørsmåla. Då kan ho tale, sa Hauge. Hauges spørsmål var kjønnsnøytrale, eit ord han knapt kjende. Historia om  Sara Oust sluttar ikkje her. Hauge kom i fengsel og Sara måtte slutte å reise rundt og halde møte. Det vart straffbart. Men ho heldt møte heime. Og ho er eit lysande døme på korleis folkerørslene fann og brukte talenta i folket. Sara hadde eit godt hovud og eit godt språk. Ho vart bygdefolkets talskvinne når det vart problem med styresmaktene. I folkeminnet lever ho som ei Ann-Magritt, Falkbergets heltinne.. Og bygdefolket har heidra henne med eit relieff på grava.
Sara Oust sette talentet og språket sitt ned i historia.
Og Hans Nielsen Hauge såg henne og sleppte henne fram.
Norsk lekmannsrørsle etter Hauge vart snart ei mannerørsle, som namnet seier, og den norske kyrkja var svært lenge ei mannefestning som verna seg godt mot all smitte frå Hauges tankar, også når det galdt kvinner.
I dag har vi fått ei kvinne som sjef for biskopane våre. Ingrid Bjerkaas og Rosemarie Køhn har fått mange etter seg. Dei fekk begge tunge lass å dra, og alle sidene i bøkene om deira liv er ikkje gladlesnad.
Vi fekk vår første kvinnelege statsminister ein dryg mannsalder (ja, mannsalder) etter at vi hadde fått vår første kvinnelege statsråd. Gro fylte regjeringa si opp med kvinner. Det er råd å meine at dette kanskje var det historia vil hugse best av alt det Gro gjorde.
Gro Harlem Brundtland rydda plass for kvinnene i den politiske historia.
Her har eg då levert ein ferdigtolka versjon av moderne historie, med mine heltinner.
Dei ruver, og kan, etter mi meining, måle seg med dei fleste.
Dei gjorde samfunnet til ein betre stad å vere. For oss alle.

# Tina Solbakken – prostiprest i Nord-Østerdal prosti

**For en liten tid siden ble Tina Solbakken tilsatt som prostiprest i Nord-Østerdal prosti. Hun har kontor på Tynset og er 50% av arbeidstida der, men jobben hennes innebærer at hun skal være tilgjengelig i hele prostiet, avlaste sokneprestene, ha gudstjenester, kirkelige handlinger, være med i konfirmantundervisning osv. Foreløpig har hun ikke vært i Tolga, men vi vil nok bli kjent med henne etter hvert, til glede for menighetene! Her bringer vi en liten presentasjon, skrevet av Folldals sokneprest Jon Olav Ryen:**



Tina er født i 1978 og kommer opprinnelig fra Frederikshavn i Danmark. Sin kirkelige bakgrunn har hun fra den danske folkekirken, som ikke er så helt ulik den norske. Der også bruker folk flest kirken i livets overganger og i høytider, og kirken er en viktig bærer av tradisjoner og kultur.

Tina startet opp med teologistudiet ved teologisk fakultet, Universitetet i Oslo i 2001, og høsten 2009 fullførte hun den praktiske delen av utdanningen. I løpet av denne tiden har hun hatt permisjoner og fått to barn, Bastian (5) og Thea Marie (2). Selv om studietiden ble forholdsvis lang, har det vært fint, syns hun. Det har gitt en ekstra mulighet for å fordype seg i fagene. Etter å ha bodd i Dalholen et par års tid, flyttet Tina og familien til Grimsbu, der de kjøpte gård. Dermed er de godt etablert som folldøler. Vi håper at Tina og familien fortsatt vil trives her, og ønsker Guds velsignelse over tjenesten her i Folldal og de andre bygdene i Nord-Østerdal.

JOR, Tina Solbakken

**Kirkehilsen Kontingent 2011**
Kirkehilsen utgis takket være betaling av kontingenten og en god avtale med kommunen:

Utenbygds 200,-
Innenbygds 160,-

Kto: 1885.40.14214

OBS. Merk innbetalingen dersom kontingenten gjelder adresse sykehjemmet eller et *ekstra* eksemplar til en husstand i Tolga .

# Kirkevalget 2011

## Forhåndsstemming

- På kirkekontoret fra 10. august i kontorets åpningstid. Vi vil også besøke sykehjemmet slik at man kan avgi forhåndsstemmer der

## Valgdagen

Samme lokaler som for kommune- og fylkestingsvalget:

| | |
|---|---|
| Vingelen og Tolga | 10 – 18 |
| Hodalen, Kåsa og Øversjødalen | 12 – 17 |

---

### Listen i Holøydalen

Det skal velges 4 medlemmer og 5 vara.
Nominasjonskomiteens innstilling:

1. Liv Johanne Jordmoen, 52 år
2. Arnstein Solheim, 58 år
3. Inger Anne Pallin, 65 år
4. Elin Meland Søndmør, 59 år
5. Ola Nytrøen, 51 år
6. Liv Monica Beckstrøm Holøyen, 42 år
7. Ola Petter Søndmør, 38 år
8. Magne Norvall Jordet, 64 år
9. Kari Grete Sveen, 63 år

### Listen i Hodalen:

Det skal velges 4 medlemmer og 5 vara.
Nominasjonskomiteens innstilling:

1. Ingunn Bakken, 38 år
2. Roger Nordahl, 55 år
3. Elonie Pijl Zomer, 30 år
4. Bjørn Aasen, 51 år
5. Mari Hoel Sandberg, 45 år
6. Ola Gjelten, 35 år
7. Aina Bakken, 66 år
8. Per Nygjelten, 68 år
9. Tom Andre Kristriansen, 47 år
10. Arve Rye, 53 år

### Listen i Tolga

Det skal velges 6 medlemmer og 5 vara.
Nominasjonskomiteens innstilling:

1. Marthe Nygjelten, 64 år
2. Erland Semmingsen, 56 år
3. Toril S. Bakken, 32 år
4. Tone Hulbækmo, 53 år
5. Inge Erlimo, 36 år
6. Eva Nyhus, 54 år
7. Per Johan H Hartviksen, 30 år
8. Bente Horten, 36 år
9. Rune Wolen, 39 år
10. Åse Brennmoen, 48 år
11. Kjell Lunheim, 49 år
12. Toril U. Erlimo, 59 år
13. Linda E. Brennmoen, 35 år
14. Helene Lund Volden, 36 år

### Listen i Vingelen:

Det skal velges 6 medlemmer og 5 vara.
Nominasjonskomiteens innstilling:

1. Torill Storhaig Urset, 60 år
2. Olav Østvang, 48 år
3. Marte Grann Vingelen, 37 år
4. Einar Hilmarsen, 47 år
5. Marit Lovise Øverby, 38 år
6. Per Arne Tollefshagen, 49 år
7. Helga Hellestveit, 60 år
8. Annabeth Motrøen, 31 år
9. Ola Trøeng, 43 år
10. Erna Marie Hagen, 63 år
11. Jan Kristen Dølmo, 49 år
12. Bente Gulløien, 38 år
13. Grete Storhaug, 53 år
14. Hilde Harsjøen, 44 år
15. Øyvind Jordet, 26 år

# En sang jeg er glad i

Av Ann Helen Lien

Dette året har våren kommet forholdsvis tidlig i bygdene våre. De fleste av oss minnes sikkert salmer/sanger som kan forbindes med den fine tida våren og forsommeren er.
I Holøydalen kirke sist søndag sang vi salmen "Himlen blåner for vårt øye" med tekst av Einar Skjæråsen. Han var en norsk lyriker (1900-66) som debuterte i 1936. Med sin fine humor og naturfølelse er han en dikter som jeg setter stor pris på.
I 1954 ga han ut diktet "Du ska itte trø i graset". Siden har Bente Kvile Buflod tonesatt teksten.
Første gang jeg ble kjent med diktet, var i barneskolen, og med sin vare, meningsfylte tekst har jeg hatt stor glede av denne sangen opp gjennom årene.

***Du ska itte trø i graset.***
***Spede spira lyt få stå.***
***Mållaust liv har og e mening***
***du lyt sjå og tenkje på.***
***På Guds jord og i hass hage***
***er du sjøl et lite strå.***

***Du ska itte røre reiret,***
***reiret er e lita seng.***
***Over tynne bån brer erla***
***ut si  vare varme veng.***
***Pipet i den minste strupe***
***ska bli kvitring over eng.***

***Du ska itte sette snuru***
***når du sir et hara-spor.***
***Du ska sjå deg for og akte***
***alt som flyg og spring og gror.***
***Du er sjøl en liten vek en,***
***du treng sjøl en storebror.***

***Einar Skjæråsen***




Ann Helen Lien
Foto: Kirkekontoret

# Bibelkryssord

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1 | | | | |
| 2 | | | | |
| 3 | | | | |
| 4 | | | | |
| 5 | | | | |

1 Kona til Abraham
2 Den første mannen
3 En av evangelistene i Det nye testamentet
4 Ledet Israel ut av Egypt
5 Fór opp til himmelen i en ildvogn – også fornavnet til en kjent salmedikter

I den loddrette raden til venstre vil dere nå få opp et ord. Brukes i kirken hver søndag.

# Kirkehilsen-logo

I år feirer vi som kjent hundreårsjubileum for Egil Storbekken, og det er artig å nevne at det var han som tegnet logoen til det første Kirkehilsen som kom ut i juni 1951, og som siden har vært den faste logoen. Her er takken han fikk i det første nummeret:

Vi retter en hjertelig takk til
Egil Storbekken,
Tolga, som har tegnet det vellykte og talende bilde, som danner «hodet» på «Kirkehilsen».

## KIRKEKONTORET

Ma-ti, to-fr kl 09.00-13.00 62 49 65 93
onsdag 09.00-13.00(prest)62 49 65 92

Adr: Kommunehuset, 2540 TOLGA
E-post: kirkekontoret@tolga.kirken.no
Fax 62496597
Internett: www.tolga.kirken.no

**Prest:**
Simen Simensen Kont: 62 49 65 92
Mob: 99 69 19 13

**Daglig leder:**
Audun Hjertager Mob: 92 21 83 89

**Kontormedarbeider:**
Per Arne Tollefshagen Mob: 90 74 49 37

**Kirketjener Tolga**
Jan Tollan 91 36 24 94

**Kirketjener Vingelen**
Einar Heggstad 91 38 60 64

**Klokker Vingelen**
Per Arne Tollefshagen 90 74 49 37

**Kirketjener, Holøydalen:**
Jon Ivar Holøyen 62 49 62 55

**Klokker, Holøydalen:**
Soline Holøyen 62 49 62 25

**Kirketjener, Hodalen**
Kirketjener: Nils Bakken 99 47 40 67

God sommer!


HOLØYDALEN KIRKE


HODALEN KIRKE


TOLGA KIRKE


VINGELEN KIRKE

# Gudstjenester

**Juni**
Søndag 26. juni: Kl. 11: Gudstjeneste, Tolga kirke.

**Juli**
Søndag 3. juli: Kl. 12: Setergudstjeneste, felles med Os. Svarthaugen i Øversjødalen

Søndag 3. juli: Kl. 11: Vingelen kirke, "Sara Oust-gudstjeneste" v/biskop Solveig Fiske

Søndag 24. juli: Kl. 12: Setermesse, Pålsolavollen, Olahaugen, Tolga.

Søndag 31. juli: Kl. 12: Setermesse, Vingelssetra, Vingelen.

**August**
Søndag 14. august: Kl. 19: Salmekveld, Vingelen

Søndag 21. august: Salmekveld, Tolga kirke.

**September**
Søndag 4. september kl. 11: Høsttakkegudstjeneste, Hodalen kirke

Søndag 11. september kl. 11: Høsttakkegudstjeneste, Tolga kirke. 50-årskonfirmanter

Søndag 18. september kl. 11: Høsttakkegudstjeneste, Vingelen kirke

Søndag 25. september, kl. 11: Høsttakkegudstjeneste, Holøydalen kirke

**Oktober**
Søndag 2. oktober: Ingen gudstjeneste

Søndag 9. oktober, kl. 11: Gudstjeneste med konfirmantpresentasjon, Tolga kirke

Søndag 16. oktober, kl. 11: Gudstjeneste med konf.presentasjon, Vingelen kirke

Søndag 23. oktober: Ingen gudstjeneste

Søndag 30. oktober, kl. 19: Salmekveld, Holøydalen kirke

# Siden sist



**Døpte**
24.04.11, Tolga kirke
Mathilde Nordvik Skogstad



**Døde** (dato for jordfestelse)
06.05.11 Oddvar Nyås, Vingelen

**Konfirmerte**
16.06.11 Tolga:
Anne Øyan, Astrid Sugaren, Hilde Brennmoen Tollan, Eli Aashaug, Synne Dalen Jordet, Ida Sundberg Ingebrigtsen, Sara Marie Nordskog, Henrik Anthun Reime, Brage Holte, Martin Wilson, Oddvar Sagbakken Saanum, Mikal Torsheim Selmer, Peder Gjelten Lunheim

04.06.11 Hodalen:
Esten Jortveit Trøan og Andreas Sandberg

**Kirkehilsen 01/10**
**I redaksjonen**

Simen Simensen, redaktør
Ann Helen Lien
Brit Vingelsgaard Ryen
Steinar Simensen
Mari Hoel Sandberg

Sekretær/layout:
Audun Hjertager